

Tilleggsinformasjon

Eigedom GBNR 172/160:

- Der eigdommen etter reguleringsplanen grensar mot vegarealet (topp skjæring), skal det setjast opp tett plankegjærde på betongfundament.
Der eigdommen grensar til GBNR 172/19, skal gjerdet ha ein knekk og fortsetje 4m langs grensa mellom 172/160 og 172/19.
Total lengde gjærde og fundament ca. 55m, høgde 1,8m
Gjerdet er vist med raud strek i utklipp frå reguleringskartet s. 2 og 3
Dette punktet skal prisast.

Eigedom GBNR 172/14:

- Der eigdommen etter reguleringsplanen grensar mot vegarealet, skal det lagast ein forlengelse av eksisterande plankegjærde.
Total lengde gjærde og fundament ca. 12m, høgde ca. 1,8m.
Gjerdet er vist med blå strek i utklipp frå reguleringskartet s. 2 og 3

Eigedom GBNR 172/62:

- Det skal byggjast ein enkel og lav natursteinsmur for å markere grensa til eigdommen.
Muren skal ikkje vere høgare enn max 40cm.
Total lengde natursteinsmur ca. 20m.
Stamma frå den store bjørka i krysset, skal leggest på anvist stad på eigdommen.
Mur er vist med gul strek i utklipp frå reguleringskartet s. 2

Eigedom GBNR 172/37:


Der eigdommen grensar med fortauet, skal gammal mur rivast og ny betongmur setjast opp. Muren skal ha same høgde som i dag. Muren skal forankrast slik at den ikkje er til hinder for tilkomst til VA-nett, dvs. forankring i fjell eller djupn under VA-trasé.
Mur er vist med grønn strek i utklipp frå reguleringskartet s. 2.
(Total lengde og prising av mur er del av hovudanbudsgunnlaget.)


Eigedom GBNR 172/1:


Det står att ein gammal grunnmur frå ein skinnflor ved krysset. Steinane frå denne skal plukkast ned og frakta til grunneigar. Leveringsstad er på Seim og skal avtalast med grunneigar.

Nytt postkassestativ:

- Det gamle postkassestativet i krysset som står på eigedom med gbnr 172/1, skal flyttast i anleggsperioden. Stad er ikkje avklart på noverande tidspunkt. (sjå bilde s. 4)
Stativet har i dag plass til 22 postkassar.
- Nytt stativ skal setjast opp i same området som det gamle står i dag. Det skal gis pris på nytt postkassestativ inkl. montering av stativ og postkassane frå det gamle stativet.
Nytt postkassestativ kan gjerne vere tilsvarande stativet på bilde side 5. Ved montering av 2 tilsvarande stativ, vil det gi plass til rundt 28 postkasser.









Kjelde: Euroskilt